



Blir det kunstgrasbane på grusbana i Uskedalen om nokre år? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Som Rosendal og Husnes må også Uskedalen få kunstgrasbane, meiner lokalpolitikar Torfinn Myklebust. Han har teke opp saka i eit brev til styret i idrettslaget. Det er på den noverande grusbana i sentrum han ynskjer kunstgras.

Myklebust visar han til at Husnes fekk si kunstgrasbane for snart to år sidan og at bana i Rosendal vil vera ferdig i løpet av våren.

- Husnes hadde frå før stor aktivitet mellom barn og ungdom på fotballsektoren, Men det vert sagt at etter kunstgrasbaneopninga har aktiviteten auka mykje – både den organiserte av Trio og den uorganiserte. Det same vil truleg skje i Rosendal, skriv Myklebust.

Men han tykkjer at ein ikkje kan vera nøgd med berre to banar i Kvinnherad. Fleire bygder og kommunen må engasjera seg i å få bygt slike.

- Det er vel då nærliggjande at Halsnøy kjem, men Uskedalen bør også straks melda seg på, meiner Myklebust. Planarbeid må setjast i gang og kommunen bør koplast inn både utifrå førebuingarbeidet, finansiering og spelemiddelprioritering.

Torfinn Myklebust trur at dei politisk valde frå Uskedalen vil vera gode talsfolk for eit slikt prosjekt, men idrettslaget må gå i føringa om ein vil noko med dette, Set dei i gang no med arbeidet vil uskedalen kanskje ha von om kunstgrasbane i bygda om 3-6 år – alt etter kor ivrig ein er og kor lett ei bane vil vera å skaffa pengar til hos det offentlege og det private, held Myklebust fram.

- Dette er ikkje meir enn eit innspel som er positivt meint for bygda, ungdommen og Uskedal Idrettslag, skriv han til styret.

Leiar i idrettslaget Michael Røssland har denne kommentaren til uskedalen.no:

- Min spontane reaksjon er at vi må sikra dei anlegga vi allereie har – det vil seia Heio og grusbana – før vi satsar på nye prosjekt.

Anlegga våre har svært høge driftskostnader og vi må koma ned på eit forsvarleg nivå her innan vi kan tenkja på kunstgrasbane.

Men eg må få presisera at dette er den umiddelbare reaksjon på brevet frå Torfinn Myklebust og at eg ikkje har drøfta saka med styret. Det vil eg gjera i neste veke, lovar Røssland.

Til dette seier Myklebust: - Det er positivt at Røssland kjenner ansvar for anlegga som idrettslaget eig, sjølv om det blir hevda at ikkje alt er halde like godt vedlike. Eg tenkjer her mellom anna på området rundt treningsbana. Men sjølv om ein heile tida har kostnadane under kontroll, er det også viktig at ein ser lenger enn til det som trengs til dagleg. Eg tykkjer at Røssland i så måte har ein noko defensiv haldning.

På den andre sida er det bra at han er viljug til å ta opp saka i styret på brei basis. Eg vonar at leiinga i laget vil konkludera med at det er klokt å jobba vidare med dette innspilet, seier Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen